



KONTROLLUTVALET I FORSAND PROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtenr.: 4	Møtedato: 30. august 2011	Utvallssaksnr.: 19/11 - 27/11
Innkalt: Torstein Haukalid Grethe Johansen Odd Arne Ingvaldstad	Forfall: Ingen forfall		
Andre som var tilstades: Rådgivar Per Kåre Vatland møtte frå kontrollutvalsekretariatet.			

Innkallinga vart godkjent utan merknader.

19/11 Godkjenning av protokollar frå møta 24. mai og 25. august 2011

Protokollane vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollane frå møta 24. mai og 25. august 2011.

20/11 Oppfølging av revisjonen sine merknader til årsrekneskapen 2010

Kontrollutvalet ber sekretariatet kontakte økonomileiar for å få ein avklaring på kva som ligger i punkt 4 nest siste setning kor det heiter: ”Konklusjonen vart at det ikkje trengs eiga avstemming mellom barnevern/sosial då denne internkontrollen vart sett på som god nok.” Inneber dette at den som fattar vedtak ikkje samstundes har fullmakt til å kunne betale ut?

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet tek rådmannen si oppfølging av revisjonsmerknadar til etterretning.

21/11 Førebuing til bestilling av forvaltningsrevisjon: Innkjøp til drift og investering

Kontrollutvalet vart einige om å definere formålet og problemstillingane som i saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand ber Rogaland Revisjon lage eit utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon av innkjøp innan 15. november 2011, slik at dette kan behandlas på siste møtet i år.
2. Prosjektet skal byggje på følgjande:
 - a. Føremål: Føremålet med forvaltningsrevisjon vil vere å undersøkje om lov om offentlige anskaffingar, styrande dokumenter for innkjøpsområdet og vedtak, blir etterlevd i Forsand
 - b. Problemstillingar:
 - i. Korleis er innkjøpsfunksjonen i kommunen organisert?
 - ii. I kva grad har kommunen tilstrekkelege system og rutinar for gjennomføring og oppfølging?
 - iii. I kva grad har kommunen tilstrekkeleg innkjøpskompetansen?
 - iv. I kva grad vert kjøp gjennomført i tråd med lov og regelverk?
 - v. På kva områder er det særleg sannsynleg at det kan oppstå brot på regelverk og kva konsekvensar kan dette få?
 - vi. Har kommunen inngått rammeavtalar og korleis vert dette utnytta

22/11 Budsjett for kontroll og tilsyn 2012 - kontrollutvalet sitt forslag

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tilrår eit samla budsjett på kr 705.000,- inkl. mva for kontroll og tilsyn for 2012

23/11 Budsjettoppfølging kontroll og tilsyn pr 31.07.2011 - rapport

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek budsjettoppfølging pr 31.07.11 til etterretning.

24/11 Revisor si uavhengigheit - eignerklæring frå oppdragsansvarleg revisor

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek den framlagde uavhengigheitserklæringa frå oppdragsansvarlig revisor i Forsand kommune til orientering.

25/11 Statusoversikt kontrollutvalet sine saker

Revisjonen har i e-post til sekretariatet uttalt at det vil bruke 30-40 timer på overordna analyse.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand tek statusoversikt kontrollutvalets saker – august 2011 til orientering.

26/11 Orientering om overordna revisjonsstrategi 2011

Nytt forslag til vedtak. ”Saka vert utsett til seinare møte.”

Nytt forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

Saka vert utsett til seinare møte.

27/11 Rapport selskapskontroll: Rogaland Revisjon IKS

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

VEDTAK:

- Kommunestyret i Forsand tar den framlagde selskapskontrollen av Rogaland Revisjon IKS til etterretning.
- Rapporten oversendes selskapets styre og eigarorgan. Kontrollutvalet får tilbakemelding frå eigarane på korleis rapportens anbefalingar er fylgt opp innan 1. juni 2012.

MELDINGAR

Periode: 16. april 2011 - 30. august 2011

Nr.	Arkivsak	Referatsakstittel
------------	-----------------	--------------------------

6/11	200800030-43	Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden
------	--------------	--

EVENTUELT

Det var ingen saker under eventuelt

Neste møte vert 29. november kl. 08.30.

Underskrifter:

Me stadfester med underskriftene våre at det som er ført i protokollen, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Leiar av kontrollutvalet

Sekretær for kontrollutvalet